

STYREMØTEREFERAT

8.sept. 20 kl. 18 på Biblioteket.

Desse møtte: Solveig, Bjørg, Nelly, Elin, Sunneva.

Solveig starta opp med diktet "Eitt er nødvendig" av Hans Børli.

Sak 50/-20 Referat og orienteringar. Tilskot, fredagskafe, skjorter.

Tilskot og Fredagskafe blir sett opp som eigne saker.

Skjorter: Solveig tingar 15 stk. Storlek L 5 stk., XL 5 stk., XXL 5 stk.

Sak 51/-20 Økonomi v/ Nelly

Brukskonto ca.25000kr, Høgrentekonto ca.206000 kr, Sansehagen ca. 9800 kr.

Fått kulturmidlar kr 3000.

Sak 52/-20 Årsmøte , stad og innhald

Jordbærstova 5.nov. kl. 18 for ca. 20 - 25 personar - Ansvar Bjørg.

Musikk og song: Andreas Ødegård og Elias Indreeide - Ansvar Bjørg.

Varsle valnemnda - Ansvar Sunneva. Solveig snakkar med nemnda, blir på 1. møtet.

Sak 53/-20 Møte i september

Medlemstreff og hyggjekveld torsdag 24. kl. 18 på Martin Linge-huset. Solveig tingar hus.

Tema" Verdas matvaredag»og Aktivitetstilbod på VTS. Ta med handarbeid.

Enkel servering. Kasserar Nelly handlar antibac, riskrem, kaffi og twist.

Sak 54/-20 !6. okt. Matvaredagen, ansvarsfordeling

Saka blir utsett til neste styremøte. Solveig søker råd hos NBK.

Sak 55/-20 Dialektordgruppe v/Sunneva

Turid og Sunneva har hatt eit møte med Lilly og sonen Erlend.

Erlend vill skrive orda inn på PC, Turid skal ordne dei alfabetisk.

Orda skal lesast inn og leggjast på Heimesida til laget. Judith får arbeide med det.

Vidare har laget planar om å lage og selje innrama bilde med dialektord.

Judith ynskjer bilde av Lilly og litt om arbeidet i gruppa til Heimesida.

Sak 56/-20 Boksal v/Elin

Elin fekk ein del opplysningar om salsarbeidet med Seterboka.

Sak 57/-20 Fredagskafe/ aktivitetstilbod

Laga kan ikkje ha Fredagskafe no.

Det blir arbeidd med aktivitetstilbod/ hyggjestund i staden.

Røde Kors, Helselaga og Bygdekvinnelaget er kontakta.

Kjøkkenet på VTS får ansvar for mat, pleiarane ansvar fot pasientane.

25.sept. er første hyggjekveld der Kulturskulen har ansvar for underhaldninga.

Aktivitetar kan vere allsong, høgtlesing, stoltrim t.d. med 2 besøksvertar pr.

gong.

Solveig kontaktar Vigdis om nokon frå Kafegruppa vil ta på seg noko i staden for Fredagskafeen.

Sak 58/-20 Støtte til tettstadsutvikling i Valldal
Vedtak: VBK gir 10000 kr til prosjektat, og oppmodar andre friviljuge lag om å vere med og støtte.

Sak 59/-20 Eventuelt
Bjørg etterlyste dikt til Storfjordnytt til 3.veka i september.

Sunneva Linge skrivar